



Allmannamøte

for brukarar av Røldal statsallmenning

02.oktober 2025

Kl 18:00 i Blåsalen

Saksliste:

- 1. Høyringsuttale: «Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda»**
- 2. Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde»**
- 3. Høyringsuttale: «Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune»**
- 4. Fjellstyrehyttene – vedlikehald, utleige, standard**
- 5. Ymse**

Det blir enkel servering (altså ingenting).

Vel møtt!
Røldal fjellstyre

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Kort saksutgreiing/oversikt over tema:

1. Høyringsuttale: «*Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda*»
Frist: 31. oktober. Sakspapirer:
<https://bfk.no/politikk/slik-kan-du-pavirke/horinger-og-offentlig-ettersyn/horing-av-felles-sti-og-loypeplan-for-hardangervidda.209594.aspx>
2. Høyringsuttale: «*Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde*»
Frist: 31. oktober. Sakspapirer:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-tiltaksplaner-etter-kvalitetsnormen-for-villrein-i-hardangervidda-og-setesdal-ryfylke-og-setesdal-austhei-villreinomrader/id3111105/?expand=horingsinstanser>
3. Fjellstyrehyttene – vedlikehald, utleige, standard
 - Kva tenkjer me? Er det bra, eller kan det bli betre?
 - Fjellstyret tek i mot innspel angående hyttene.
 - Kort om noverande utleigepraksis.
4. Organisering av reinsdyrjakta
 - Bør ein vurdere endringar? Større jegerkonsentrasjonar i heimfjellet – tomt i Hedlevass...
 - Lufte moglegheit for å dele statsallmenninga i fleire «sonar».
5. Høyringsuttale: «*Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune*»
Frist: 31. oktober. Sakspapirer:
<https://ullensvang.kommune.no/aktuelt/hoyring-av-ny-forskrift-for-motorferdsel-i-utmark-og-vassdrag.6522.aspx>
6. YMSE
 - Informasjon/spørsmål gjeldande jakt, fiske og friluftsliv
 - Fjellstyret svarar etter beste evne...

Referat:

Referent: Tor Helge Haara Tjemsland

Oppmøte: Om lag 20 bruksberettiga.

Frå styret: Tor Helge, Andre og Anita

Møtet starta med ein kort innleiing frå Tor Helge. Bakgrunnen for ynskjet om allmannamøtet vart forsøkt forklart.

Sak om:

- 1. Høyringsuttale: «Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda»**
- 2. Høyringsuttale: «Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde»**

Då det er vanskeleg å få oversikt over kva som høyrer til kvar i dei forskjellige høyringsuttalane, var det forslag frå fjellstyret om å ta innspel til desse to sakene samla. Møtet stilte seg bak dette forslaget. Ein gjekk så vidare med å gå igjennom uttalen til sti og løypeplan vedtatt av Ullensvang formannskap i møte 02. oktober.

Tor Helge understrekte vidare at han meiner det er viktig å hugse på at høyringsuttalen som Røldal fjellstyre leverar primært må ta føre seg tiltak som påverkar våre brukarar.

Ein fekk følgjande innspel undervegs:

- Kitesone på Ulevåvatnet kan ikkje tillatast. Midt i trekksonen frå Villrein. Forslag om at denne bør vere på Kjelavatnet/aust for Haukeliseter.
- Forslag om løypestrase inn i Valldalen, langs vegen frå Åsen til Valldalsæter. Dette går ikkje – vegen er særst rasfarlig.
- Dagsturismen frå Haukelisæter må reduserast. Det vert reklamert for turar opp i dei fleste omliggande nutar. Det er sett opp skilt i vardane.
- Mykje skigåing også i det same området.
- Forslag om ny turiststi frå Middyr til Nupstjørn er uynskja.
- Det vert stilt spørsmålsteikn ved om det er forsvarleg å fjerne bruer inn til Hedlevass – fare for redningsaksjonar.
- Innspel om å gå i mot forslag om nedlegging av Hedlevassbu. Det kom ikkje noko argumentasjon på kvifor, sett frå fjellstyret sitt perspektiv. Fjellstyrehyttene i Hedlevass er tilnærma ikkje i bruk.
- Tor Helge problematiserte telting i trekkpassasjar. Det er til dømes lite ynskjeleg å ha telting i Sueskar. Då er det mykje betre at ein ligg rundt turisthytta. Dette kom ingen motargument mot dette.
- Tor Helge lanserte forslag om telteforbudssone, til dømes i Sueskar.
- Einigheit i møte at motorferdselen er naudsynt for våre bruksrettar. Fjellstyret må vere tydeleg på at ein må ha lov til å nytte helikopter inn i fjellet om sommaren, og snøscooter om vinteren.
- Lokale bruksrettar må vektleggjast tungt.

3. Fjellstyrehyttene – vedlikehald, utleige, standard

Tor Helge informerte kort om status på hyttene, og nytta høvet til å skryte til dei oppmøtet av dugnadsinnsatsen som er lagt ned dei siste åra. Standarden på hyttene er no særst bra. Det kom forslag om å investere i fryseboks til fjellstyrehyttene. Tor Helge foreslo å sjå på same løysing som Ullensvang FS. Dei har eit solcelleanlegg som driftar fryseboksen i sommarsesongen. Det vil nok vere mogleg å få bra med støtte til eit slikt prosjekt. Møtet samla seg rundt dette forslaget.

4. Organisering av reinsdyrjakta

Tor Helge oppsummerte reinsjakta kort og gale. Ein kom innpå forslag om å forsøkje å spreie jegarane betre i statsallmenninga. Inntrykket er at det er fleire utanbygds i heimfjellet, enn det det har vore før. Ein diskuterte også alternativ for delvis fredning av reinsdyra som no er i Nordfjella. Det vart også fremja forslag om å dele statsallmenninga inn i to, eller fleire, jaktsonar – for å sjå på moglegheita for å berre sleppe innanbygdsbuande inn i heimfjella. Møtet greidde ikkje samle seg rundt nokon av forslaga i møtet. Fjellstyret må arbeide vidare med spørsmåla, og kome med konkrete forslag som då heller vert sendt på «høyering» blant dei bruksberettiga.

5. Høyringsuttale: «Lokal forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i Ullensvang kommune»

Behovet for endring av lokal forskrift vart tydeleggjort frå eit initiativ av innanbygdsbuande i Røldal. Fjellstyret har arbeid i mange år for å faktisk få endra forskrifta. No er den på høyring. Det er soleis viktig at brukarane gjev sine innspel til høyringa. Fint om dei også stiller seg bak forslaga slik det no er.

6. YMSE

Det vart visst til innspelsmøte på Rauland 09. oktober. Miljødepartementet arrangerer, og ynskjer innspel til tiltaksplanen for villrein på Hardangervidda. Spørsmålet var korleis fjellstyret stilte seg til å organisere busstransport. Fjellstyret var positive til å betale transport. Det vart visst til at det truleg også burde vere mogleg å få Ullensvang FS med på eit spleiselag.

Møtet heva ca kl 20:00.